

Saksbehandlar: Lars Erik Lunde, Samferdsleavdelinga
 Sak nr.: 15/8734-46

Ferjeavløysing Ytre Steinsund bru - stadfesting av vedtak og finansieringsplan

Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget syner til vedtak i FT-sak 55/17 og stadfestar at prosjektet Ytre Steinsund bru skal realiserast som eit ferjeavløysingsprosjekt i samsvar med følgjande finansieringsplan:

Finansieringsplan i mill. 2019-kr

Prosjektkostnad	716,8
Avviksløyving (10. pst)	71,7
<u>Sum</u>	<u>788,5</u>

Mva. refusjon	146,5
Fylkeskommunalt lån	639,0
<u>Sum</u>	<u>788,5</u>

2. Fylkestinget gir fylkesutvalet fullmakt til å gjere det endelege stadfestingsvedtaket om investeringsprosjektet når svar på søknad om ferjeavløysingsmidlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet føreligg.
3. Eventuelle justeringar i driftsbudsjettet som følgje av endeleg fastsetting av årleg ferjeavløysingsbeløp frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet vert innarbeidd i økonomiplanen til Vestland fylkeskommune.

Vedlegg:

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

I følgje retningslinene for ferjeavløysingsordninga skal fylkestinget stadfeste tidlegare vedtak om prosjektet etter at søknaden er behandla av departementa.

Det har teke tid å få dei nødvendige godkjenningane frå departementa og framleis er ikkje endeleg stadfesting frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) om årleg sum med ferjeavløysingsmidlar og utbetalingstid komen.

Fylkesrådmannen meiner det er fleire forhold som gjer at vi no bør gjere eit vedtak om stadfesting av prosjekt og finansieringsplan. Dels er dette grunna i at vi no nyttar monalege ressursar til prosjektering og undersøkingar, samt av vi må sikre bemanninga i prosjektorganisasjonen.

Fylkesrådmannen legg i denne saka opp til at fylkestinget gjer vedtak om prosjektet som ferjeavløysingsprosjekt gjennom å stadfeste tidlegare vedtak om prosjektet med tilhøyrande finansieringsplan. Dette i tråd med retningslinjene for ferjeavløysingsordninga og brev frå Samferdsledepartementet (SD) datert 13.9.2018.

Fylkesrådmannen vurderer også at det endelege formelle vedtaket om prosjektet bør delegerast til fylkesutvalet slik at det ikkje vert forseinkingar grunna tidspunkt for tilbakemelding frå KMD og fylkestinget sin møteplan.

2. Bakgrunn for saka

Søknad om ferjeavløysing for Ytre Steinsund vart sendt Statens vegvesen 20.12.2017.

I brev frå SD datert 13.09.2018 vart prosjektet formelt godkjent som ferjeavløysingsprosjekt. I brevet er det m.a. sagt følgjande:

«Samferdsledepartementet konkluderer med at søknad om ferjeavløysingsmidlar til prosjektet fv. 606 Ytre Steinsund bru i Sogn og Fjordane vert godkjent, under føresetnad av at fylkestinget gjer eksplisitt vedtak om finansieringsplan i samsvar med saksframlegget for fylkestinget i desember 2017.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet vil i eige brev til fylkeskommunen opplysa om årleg sum med ferjeavløysingsmidlar og kor lang utbetalingstid som vert lagt til grunn for prosjektet»

I følgje retningslinjene for ferjeavløysingsordninga skal fylkestinget stadfeste tidlegare vedtak om prosjektet etter at søknaden er behandla av departementa.

Det har teke tid å få dei nødvendige godkjenningane frå departementa og framleis er ikkje endeleg stadfesting frå KMD om årleg sum med ferjeavløysingsmidlar og utbetalingstid komen.

Fylkeskommunen har fleire gonger i 2018 etterspurt endeleg svar frå KMD. I ei tilbakemelding frå 22. oktober 2018 vart det sagt følgjande:

«I Prop. 1 2019 er det foreslått en utvidelse av ferjeavløsningsordningen, som vil påvirke utbetalingen av ferjeavløsningsmidler. Vi vil sende brev til fylkeskommunen med endelig beløp med årlige ferjeavløsningsmidler, samt utbetalingstid, når forslaget er behandlet av Stortinget».

Tidleg i mars 2019 tok vi på nytt kontakt med KMD. Tilbakemeldinga var at dei er kjend med at vi ventar svar, og at dei vil kome tilbake med svar så snart dei kan. KMD syner vidare til at Stortinget ved behandlinga av statsbudsjettet for 2019 fatta eit nytt anmodningsvedtak om renteutgifter som no er under behandling. Anmodningsvedtaket er utforma slik:

«Stortinget ber regjeringen foreslå mulige endringer av ferjeavløsningsordningen slik at kapitalkostnader i mer fleksibel grad enn i dag kan dekkes av staten for fylkesveisamband.»

Fylkesrådmannen meiner det er fleire forhold som gjer at vi no bør gjere eit vedtak om stadfesting av prosjekt og finansieringsplan. Dels er dette grunna i at vi no nyttar monalege ressursar til prosjektering og undersøkingar, samt av vi må sikre bemanning i prosjektorganisasjonen. Det er viktig at det ikkje blir skapt unødig uvisse knytt til ambisjonen om at prosjektet skal realiserast.

Fylkesrådmannen ser ut frå dette at det vil vere viktig for prosjektgjennomføringa om fylkestinget kan gjere eit vedtak med stadfesting av prosjektet no.

Historikk - tidlegare vedtak

Fylkestinget gjorde 5.12.2017 følgjande vedtak i sak 55/17 Ferjeavløysing - Ytre Steinsund i Solund kommune.

1. Fylkestinget sluttar seg til at det skal søkjast om ferjeavløysingsmidlar for prosjektet fv. 606 Ytre Steinsund bru ut frå dagens kostnadsnøkkel i inntektssystemet (2017).
2. Fylkestinget set som føresetnad at det føreligg godkjent reguleringsplan for prosjektet før søknaden vert sendt.
3. Fylkestinget set som føresetnad at det føreligg godkjent kostnadsoverslag for prosjektet med forventa kostnad under 750 mill. kr.

4. Søknaden om ferjeavløysingsmidlar for fv. 606 Ytre Steinsund bru, slik den framgår av vedlegg 1, vert sendt til Statens vegvesen innan 31.12.2017.
5. Fylkestinget har som intensjon å realisere prosjektet fv. 606 Ytre Steinsund bru som eit ferjeavløysingsprosjekt. Fylkestinget vil ta endeleg stilling til oppstart av prosjektet etter at søknaden om ferjeavløysingsmidlar er behandla i Kommunal- og moderniseringsdepartementet.


I desember 2018 gjorde fylkestinget følgjande vedtak i FT-sak 56/18 Budsjett 2019 / økonomiplan 2019-2022:

«Fylkestinget viser til svarbrev frå Samferdsledepartementet 13. september og stadfestar at bru over Ytre Steinsund skal realiserast. Det vert starta arbeid med prosjektering i 2019 med mål om byggjearbeid i 2020».

3. Vurderingar og konsekvensar

Retningslinjer for ferjeavløysingsordninga for fylkesvegferjer

Retningslinjene for ferjeavløysingsordninga for fylkesvegferjer fastsett av SD og KMD syner følgjande skjematisk framstilling av søknadsprosessen:



Vi har hatt følgjande framdrift i søknadsprosessen:

- Førehandsavklaring av prosjektet vart gitt av SD 26.09.2017
- Overslag på ferjeavløysingsmidlar på 19,7 mill. kr vart gitt av KMD 7.11.2018
- Prinsippvedtak i fylkestinget vart gjort 5.12.2017. Søknaden vart sendt 20.12.2017
- Godkjenning av prosjektet som ferjeavløysingsprosjekt vart gitt av SD 13.9.2018
- Fastsetjing av ferjeavløysingsmidlar frå KMD er førebels ikkje motteke.

Fylkesrådmannen legg i denne saka opp til at fylkestinget gjer vedtak om prosjektet som ferjeavløysingsprosjekt gjennom å stadfeste tidlegare vedtak om prosjektet med tilhøyrande finansieringsplan.

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

I FT-sak 55/17 Ferjeavløysing - Ytre Steinsund i Solund kommune og i søknaden om ferjeavløysing datert 20.12.2017 vart det lagt til grunn følgjande finansieringsplan:

Finansieringsplan oppjustert til mill. 2019-kr

Prosjektkostnad	716,8
Avviksløyving (10. pst)	71,7
Sum	788,5
<hr/>	
Mva. refusjon	146,5
Fylkeskommunalt lån	639,0
Sum	788,5

I brev frå KMD 7.11.2017 med overslag på ferjeavløysingsmidlar for Ytre Steinsund vart beløpet berekna til 19,7 mill. 2017-kr. Det vart presisert at dette var eit overslag og at endeleg utrekning kan gje eit anna resultat.

Ferjeavløysingsmidlane vil bli nytta som bidrag til å dekkje avdrag på fylkeskommunalt lån og beløpet er førebels innarbeidd i økonomiplanåret 2023.

Endeleg beløp for ferjeavløysingsmidlar vil vidare vere bestemmande for tal år med tilbakebetaling. I gjeldande retningslinjer for ferjeavløysing er det sagt at det er bygge-kostnader

med fråtrekk av meirverdiavgift som utgjer berekningsgrunnlaget. Vidare er det sagt at samla utbetalingar i nominelle kroner ikkje skal overstige dei nominelle byggjekostnadane.

Dersom det vert gjort endringar i retningslinjene for ferjeavløysingsordninga slik at deler av kapitalkostnadane skal inkludert i berekningsgrunnlaget, jf. anmodningsvedtak i samband med behandlinga av statsbudsjettet for 2019, vil dette ikkje ha verknad for det årlege ferjeavløysingsbeløpet, men kunne forlenge tal år med tilbakebetaling.

I Budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022 er det sett av 790,4 mill. kr til prosjektet. Prosjektet har eit kostnadsoverslag på 716,8 mill. 2019-kr. I tillegg er det lagt inn ei løyving på 71,7 mill. kr til å handtere ev. kostnadsoverskridingar. Refusjon til Solund kommune for arbeid med reguleringsplan er løyvd med 1,9 mill. kr i 2019.

Framdrift i prosjektet

Arbeidet med prosjektering er godt i gang. Statens vegvesen gjer no også vurderingar om kontraktsstrategi, dvs. om vi skal gå for einingspriskontrakt eller totalentreprise. Dersom vi går for totalentreprise, kan vi klare å lyse ut arbeidet sommaren 2020. Dersom vi vel vanleg einingspriskontrakt, vil vi bruke noko lengre tid før utlysing. Kva kontraktform som er aktuell vil vere ei fagleg vurdering der fleire forhold spelar inn. SVV vil kunne seie noko nærare om utlysingstidspunktet sommaren 2019. Det er føresett ca. 4 års byggetid for prosjektet.

Vurdering

Fylkesrådmannen meiner det er uheldig at det framleis ikkje føreligg eit endeleg svar frå KMD om ferjeavløysingsmidlane. Fram til no har ikkje dette hatt nokon konsekvens for framdrifta, i men vi nærmarar oss no eit tidspunkt der det er naudsynt å formalisere at prosjektet skal gjennomførast. Bakgrunn for dette er at det no vert nytta monalege ressursar knytt til prosjektering, undersøkingar og førebuing til utlysing av konkurransegrunnlag. Vi er no også i den situasjon der vi må gjere det vi kan for å sikre at prosjektorganisasjonen i Statens vegvesen - som arbeider med prosjektet - ønskjer å bli med over til Vestland fylkeskommune frå 1.1.2020 slik at framdrifta kan sikrast. Det er såleis viktig at det ikkje blir skapt unødig uvisse knytt til ambisjonen om at prosjektet skal realiserast.

I høve til endeleg tilbakemelding frå KMD om ferjeavløysingsbeløp syner fylkesrådmannen til at det ikkje grunn til å tru at endeleg beløp vil avvike mykje frå dei førebelse utrekningane. Dersom det vert gjort ei utviding av ferjeavløysingsordninga, jf. anmodningsvedtaket frå behandlinga statsbudsjett 2019, vil dette ha ein positiv effekt som truleg berre vil ha betydning for i kor mange år vi vil få utbetalt ferjeavløysingsmidlar. Vi er ikkje kjent med at det vert vurdert endringar som vil gjere at det årlege ferjeavløysingsbeløpet som KMD har førebels berekna vert redusert.

Fylkesrådmannen vurderer avslutningsvis at for å stette retningslinjene for ferjeavløysingsordninga bør det delegerast til fylkesutvalet å gjere det endelege formelle vedtaket om prosjektet slik at det ikkje vert forseinkingar grunna tidspunkt for tilbakemelding frå KMD og fylkestinget sin møteplan.

4. Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at fylkestinget no stadfestar at prosjektet Ytre Steinsund bru skal realiserast som eit ferjeavløysingsprosjekt i samsvar med den finansieringsplanen som vart lagt til grunn i FT-sak 55/17 (oppjustert til 2019-kr). Denne stadfestinga vil sikre framdrifta i prosjektet med prosjektering, utlysing og bygging, og sikre at det ikkje vert skapt noko unødvendig uvisse knytt til gjennomføring av prosjektet.

Fylkesutvalet vert gitt fullmakt til å gjere det endelege formelle stadfestingsvedtaket om investeringsprosjektet når svar på søknad om ferjeavløysingsmidlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet føreligg.